


Claus Sellevoll
c/o Åge Sellevoll
Skarsvegen 486,
5911 Alversund

RESTAURERING AV FIRE TORVHUS PÅ VENESET – VURDERING AV TILSTAND MED FRAMLEGG TIL TILTAK. GARDEN SELLEVOLL GNR 147 BNR 3 ALVER KOMMUNE

Eg viser til synfaring på Veneset 09.01.21 og diverse tilsendt materiale frå deg. Prosjektet ditt er å setja i stand/atterreisa fire torvhus i stein som alle er plasserte på eigedomen din på garden Sellevoll i Alver kommune. Fleire av husa knyter seg til andre brukarar sine torvrettar.



Tre av husa – A, B og C (sjå foto) - ligg på rad som ei lita klynge, i ei slak stigning tett opp mot torvmyra. Eitt av husa (D) ligg litt for seg sjølv under ein hammar. Det er liten variasjon i dimensjonar og byggjemåte, anna enn at B og D ser ut til å ha hatt pulttak då sidemurane har nokså markert ulik høgde. Dei andre to har hatt saltak. Det er ingen ting som tyder på at det i gavlveggene er mura heilt opp til mønet. Røstet må såleis ha vore i treverk til liks med takkonstruksjonen. Restar etter teglsteinpanner i fleire av husa indikerer tydeleg at taktekkinga har vore i teglstein, i alle fall i den siste bolken av tida husa har vore i bruk.

Generelt

Oppmålinga viser slike ca. dimensjonar (A, B, C – frå venstre mot høgre på fotoet ovanfor):

A, innvendige mål: Djupn: ca. 2,8 m, breidd: ca. 2,0 m, høgd: ca. 1,35 m, murane er jamhøge heile vegen rundt.

B, innvendige mål: Djupn : ca. 2,8 m, breidd: ca. 1,8 m, høgd: ca. 2,0 m (venstre vegg), høgre vegg noko lågare; tyder på at det har vore pulttak

C, innvendige mål: Djupn: ca. 3,0 m, breidd: ca. 2,5 m, høgd: ca. 1,4 m, veggene er jamhøge heile vegen rundt, tyder på at det har vore saltak.

Med murar som er pluss/minus 50 cm tjukke får ein utvendige mål på godt og vel tre meters breidd og fire meters lengd. Hus D har mål som ikkje avvik nemnande frå



desse.

Torvhuset A (foto ovanfor) har jamhøge murar. Ein reknar at det nærmaste partiet (nærmast nedre bildekant) er om lag i opphavleg høgd og rimeleg uskadd. Ein ser at bygget er reist med enkel mur inn mot terrenget og med doble murar (tilnærma kistemurar) i langveggene. Det er noko uavklart korleis fronten har vore utforma, truleg har ein også her hatt ein vegg med innmura dørøpning slik som dei andre husa har hatt det, men ein kan ikkje utelukka at det her har vore trevegg heilt ned. Gransking – og tolking – av spor under demonteringa vil truleg gje litt nærmare svar på den detaljerte utforminga her.

I hus B (sjå foto under) har ein markert høgdeforskjell mellom sidemurane.



Torvhus C (foto under) har også jamhøge murar, og trass i at det somme stader manglar steinar i murkrona, vil ein nokså sikkert kunna slå fast den opphavlege murhøgda.



Torvhus B sett frå frontsida. Den oransje pila viser til utmuringa i frontveggen der eit veggstykke 90° på sideveggen er mura ut mot dørøpning. Som nemnt er ikkje dette elementet like tydeleg i alle husa, men ein reknar med å kunna lesa dei ulike detaljerte utforminga gjennom den fysiske arbeidsprosessen. I Grove trekk er konstruksjonen ein finn i dei ulike husa, nokså einsarta og, ikkje minst, godt lesande.

Den raude pile viser til eit klassisk eksempel på *prioritering av stein*. Ein ser at muraren her har valt ut «fine» og slette (jamtjukke) steinar i kinningen ved dørøpninga, noko som skil seg tydeleg ut frå det utvalet av stein ein finn lenger inne i bygningen.

Torvhuset D, som ligg noko lenger unna, har dei same grunntrekka som torvhus B.

Om materialet

Steinen i området er iflg. Norges geologiske undersøkelser *monzonoritt (jotunitt)*, *lokalt kaledonsk forgneisa*. Dette er ein størkningsbergart som ikkje lett deler seg i jamne lag, men heller i noko «uregelrette» former. Ein kan sjå verktøyspor, men bearbeidingsgraden er moderat. Muringa må seiast å vera naudturveleg, altså utført med klart fokus på det funksjonelle.

Skadebildet

Alle torvhusa er prega av skadar, men kan neppe karakteriserast som «ruinar». Delar av veggene er somme stader utrasa og stein i murkrona har falle ut fleire stader. Likevel er konstruksjonen, proporsjonane og dimensjonane, godt lesande slik bygningane står.

Årsaka til skadane er fleire. Noko av murverket har rasa ut i samband med at taka har falle ned. Elles er det ein god del skade som skriv seg frå vegetasjon, til dels store tre

som har fått veksa opp ved og i bygningane. Ein kan heller ikkje heilt utelukka hærverk.



Døme 1: Stor skade på langveggen. Så godt som heile veggen må murast opp att. Grunnsteinane vert vurderte som stabile.



Døme 2: Langvegg i relativt god stand. Mindre opprettingar påkravde.



Døme 3:
Kortveggen mot terreng i rimeleg god stand. Justeringar i murkrona heile vegen rundt.



Framlegg til tiltak

Denne rapporten gjev ikkje ei detaljert oppskrift på kva som skal gjerast på kvart einskilt hus. Det er gjort ei vurdering av heilskapen basert på dei observasjonar som er gjorde.

Kort oppsummert kan ein nemna fylgjande tiltak:

1. Vegetasjonsrydding (vert utført på førehand)
2. Rydding i stein og massar i og omkring bygningane
3. Demontering av skadde parti, sortering og deponering av stein

4. Tiltak i grunn og fundament. Her er det påreknat at ein i all hovudsak kan mura på dei grunnsteinane som er og gå ut ifrå at dei ligg stabilt. Berre mindre tiltak trengst.
5. Oppattmuring av dei skadde partia og justering av høgder.
6. Tilpassingar i murkrona i samråd med tømrrar (etter behov)

Merknader

Eg legg til grunn at det kan bli behov for å tilføra noko stein og at det er lagt til rettes for varsam transport av stein inn i området med traktor. Noko supplerande stein vil også kunne vera tilgjengeleg nær byggjeplassen.

Arbeidet med istandsetjinga vil i sin heilskap vera manuelt.

I restaureringsarbeidet må det leggjast vesentleg vekt på å tilbakeføra bygningane til sine opphavlege former og dimensjonar og å gje murverket det preget det har hatt. Samstundes vil bygningane også kunna ha ein funksjon som uteflorar.

Kostnader

Eg viser til vedlagde kostnadsoverslag. Merk at overslaget skisserer ein samla kostnad for alle fire husa.

Frekhaug 11.02.21

Beste helsing

Haakon Aase

Vedlegg: 1